

Referat FAU-møte Bryne skule

Tid: Måndag 04.12.23 kl.19.00-20.30

Sted: Bryne skule, møterom

Til stades: Tore Lunde, Marit Lothe, Stig Jespersen, Jarl Ove Frivold, Lina Bryne Larsen, Roy Flataukan Hustoft og Toril Øgreid

Meldt forfall: Kay Even Siqveland

Sakar:

14/23 Informasjon frå rektor

Godt SU-møte, elevane var veldig gode. Barn og unges kommunestyremøte. Medvirkning. Dei ansatte fortalte at Bryne skule begynner å falle på plass igjen. Ønskjer seg eit tydeligare årshjul. God stemning, ser fram til ny rektor. Referat frå SU blir lagt ut på heimesida.

Overføring til ny rektor. Gjennomgang nasjonale prøver.

Økonomi - går mot underskot. Møte med fagstab for å drøfte situasjonen. Orsak til underskot er hovudsakleg spesialundervisning.

Sjukefråveret har stabilisert seg.

Ny avdelingsleiar - underveis i prosessen, god kvalitet på søkerane. 6 søkerar.

Høyring på skuleruta internt i skulen. Elevane og dei ansatte har uttalt seg. Spørsmål til FAU kva me tenkjer.

Lukket avvik frå arbeidstilsynet.

16/23 Elev- og foreldreundersøkinga

87% gjennomført til no på elevundersøkinga. Foreldreundersøkinga blir sendt ut snarast. Me tek gjennomgang neste FAU-møte.

17/11 Nasjonale prøver

Dårligste resultatene på ei god stund. Presenterte tala for lærarane på tysdag og skal arbeide djupare med dei i morgen.

Engelsk 48

Lesing 46

Rekning 48

FAU etterspør om det er samanheng med resultatet på kartleggingsprøvene og resultatet på nasjonale prøver på 8.trinn. Skulen har plan for vidare arbeid med resultata. Lærarane arbeider med resultata på tvers av trinn. Arbeider med å avdekke kva elevane kan og kva dei ikkje kan. Gutar, og spesielt dei med minoritetsspråkleg bakgrunn, skårer svakast. FAU ønskjer oppdatering på skulen sitt arbeid med resultata på neste FAU-møte.

15/23 Elevkveld

Me ønskjer å invitere 7.trinn på Rosseland og Hognestad dette året også. Dei stiller med same antal vaksne og same antal bakverk (NB! Pizzasnurrer uten svinekjøtt)

Ingen evaluering frå i fjor.

9.februar 1. og 2.trinn kl.17-18.30, 5. og 6.trinn kl.19-20.30

16.februar 3. og 4.trinn, 7.trinn (sender ut invitasjon til Rosseland og Hognestad like etter jul, men etterspør no før jul om det er interesse). Stig ber Gunn-Rita om å få kontaktinfo til FAU på Rosseland og Hognestad.

Detaljert planlegging neste FAU-møte.

18/23 FAU organisering

- Kommunikasjon innad i FAU (per i dag foregår all kommunikasjon per e-post). Toril lager ei messengergruppe.
- Deling av arkiv og dokument? Me har ein perm med fysisk arkiv frå tidligare år, dei to siste åra ligg digitalt. Delingsplattform? Det har vist seg å vere vanskeleg å få til Teams, har me andre alternativ? Google disk - Toril lager ein delt disk og deler med alle.
- Årshjul? Tidligare har referata fungert som årshjul, men kanskje er det lettere om me har eit delt dokument slik at alle kan følge med? Toril lager eit forslag til årshjul som me går igjennom neste møte.

19/23 Eventuelt

Når slipper vi elevane til jul og til sommaren? Det er arrangement på kveldstid som gjer at elevane kan avspasere deler av dagane. Forslag frå skulen er at elevane slutter klokka 12 disse dagane. FAU godkjenner forslaget.

Neste møte 8.januar kl.19-20.30.

Sak til neste FAU-møte:

- Klassekasse på trinna.
- Lik praksis på ekstra kos på ulike dagar.
- Elevane ser mykje film under måltidet og elles som belønning.

Referent: Toril Øgreid